



4 Rabben-entusiastar har kaffepause på det ytste neset

Kvifor vi ferierar på Rabben og i Uskedalen kvart einaste år?

Det er fordi det er så vakkert her.

Slik svarar Lothar Hannuschka (70) frå Dortmund når uskedalen.no spør og kona Christa (66) og paret Helga (51) og Walter (49) Höss frå Schwarzwald er einige. Så held då også kvartetten til på den finaste og mest spektakulære plassen

- heilt ute på pynten der elva renn ut. Dei har feriert på Rabben i 21 år, og møtte kvarandre her og ikkje på tysk grunn. Dette vart ferieplass reint tilfeldig då dei oppdaga Rabben under ein rundtur,

Helga og Walter har ein fortid med telting men i dei seinare åra har også dei gått over til vogn og stillar i år opp med ein splitter ny modell.

Dei 2 vognene står saman heilt ute på pynten og det norske og tyske flagget vaier saman over dei. Det ligg ein sterk historisk symbolikk i det samstundes som det strekar under kva dei tyske turistane betyr for Rabben. Dei står for omtrent halve omsetnaden.

Kvartetten er ivrige vandrarar og Lothar fortel at han og Christa kvart år er på Skorpefjellet. Då stoppar dei alltid på det dei kallar yndlingsplassen der dei kan nyta utsikten rett inn i dalen og får eit fantastisk perspektiv på bygda.

Før reiste dei 4 mykje rundt i Noreg men no held deg seg stort sett i Uskedalen avløyst av stuttare utflukter rundt i kommunen. Som tyskarar flest fiskar dei mykje frå kvar sin båt og Walter er den mest intensive fiskaren med ein lange på 18 kilo som personleg rekord. Makrell og torsk blir rangert deretter på fangst-toppen.

Lothar har ein spesiell hobby som knyter han til Uskedalen - han har fire gamle traktorar ståande i hagen og er oppteken av framtida for traktorsamlinga her i bygda. Han er også med i ein spesiell klubb i Ruhr-distriktet som driv med traktorsamlingar og møter kvarandre av og til.

Denne gongen er Lothar og Christa her i heile 6 veker medan Helga og Walter dreg att etter 4 veker.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen